



Vestnorsk fjordlandskap



Vestland fylkeskommune
post@vlfk.no

Dykkar ref.: Arlen S. Bidne.

Aurland/ Geiranger, 7. oktober 2021.

Revisjon restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - uttale frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

Vi syner til Dykkar oversending og framlegg til revidert restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjordområdet.

Innleiing

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005 som Noreg sin fyrste og til no, einaste naturarv. Verdsarvstatusen er fyrst og fremst tufta på naturvenleik og geologi/geologiske prosessar over millionar av år, men busetnad og menneskeleg aktivitet i fortid og notid tilfører naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og forsterkar statusen.

UNESCO sin Verdsarvkomite slo vidare fast i sitt vedtak : «*Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerker seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.*

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden.»

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap (VAR) som vart etablert i januar 2006 har som si fremste oppgåve å arbeide for ivaretaking og fremjing av verdsarvstatusen tildelt Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet i fellesskap.

Rådet er samansett av ordførarane frå Stranda, Fjord (*tidl. Norddal*), Aurland, Vik, Voss og Lærdal kommunar, fylkesordførarane frå Vestland og Møre og Romsdal samt fylkesmennene frå dei før nemnde fylka. Miljødirektoratet, Riksantikvaren, Sjøfartsdirektoratet og Klima- og Miljødepartementet har møte – og talerett.

Med grunnlag i det som no ligg føre fremjar VAR ved sekr. fylgjande uttale:

1. Generelt:

- Kulturlandskapet/miljøa i Vestnorsk fjordlandskap styrkar, som nemnt innleiingsvis, verdsarvstatusen. Det vert difor umåteleg viktig at all forvaltning, både formell og aktiv, legg til rette for og støttar opp under ivaretaking og verdiskapande bruk av prioriterte kulturmiljø.

På same tide vert det særst viktig at dei som eig/ har råderett over kulturminna-/miljøa finn såpass motivasjon og støtte i planen at det faktisk fører fram til handling.

Restaureringsplanen frå 2014 har så langt synt seg vere eit godt verktøy og det ser ut til at revidert/oppdatert plan har same siktemål.

Det er særst positivt med planen si kopling til FN sine mål om bærekraft. Merk elles at UNESCO er FN sin organisasjon for utdanning, vitenskap, **kultur** og kommunikasjon.

Planar kan og fort bli mange ord; difor viktig med ein effektiv/ stram tekst samt unngå for mykje oppattaking. Døme på dette er starten på 3. siste avsnitt under kap. 2 og 3. avsnitt under kap. 4.

2. Spesielt:


- **Kap.2** : Nærøyfjorden Verdsarvpark repr. den **aktive** forvaltninga av verdsarven og har sidan deltakinga i Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet prioritert innsats og ressursar til å hjelpe fram istandsetjing og verdiskapande bruk av kulturminne. Dette omfattar m.a. framhjelp, informasjon/råd og pådriv til huseigarar og brukarar i samband med å hente inn/ koordinere fagleg vurdering av tiltak (*kulturavdelinga og handverkarar*), planlegging og gjennomføring av relevante kompetansebyggande kurs, søknader om finansiering, gjennomføring/ oppfylging samt rapportering i samband med ei rekkje restaureringsprosjekt. Denne regionale rolla er underkommunisert i plandokumentet.

- **Kap. 3.5** : Revidert restaureringsplan bør og forankrast hjå Verdsarvrådet.

- **Kap. 6** : Dette kapitelet kan med fordel flyttast over til revidert restaureringsrettleiar. Sistnemnde dokument manglar og vert etterlyst ved denne høyringa.

- **Kap. 9** : Innleiande tekst syner til prioriteringar i pkt. 8.1. Går utifrå at dette er ein skrivefeil og at tilvisinga gjeld pkt. 9.1. I tillegg bør opplysningane i tabellen under kolonna «*miljø/ bygning*» kvalitetssikrast. Det kan sjå ut til at det ikkje er samsvar mellom omtale og tilvisinga til andre delar av plandokumentet.

Sekr. Nærøyfjordområdet



Erling Oppheim

Sekr. Geirangerfjordområdet

Katrin Blomvik Bakken
sign.

Kopi:

- Trygve Skjerdal. leiar VAR.
- Eva Hove, nestleiar VAR.
- Kommunane Aurland, Vik, Voss, Lærdal.
- Gry B. Mørk, Nærøyfjorden Verdsarvpark.